



# Kommunedel- plan for kulturarv

---

**2020-2031**

*høyringsutkast*



## Innhold

Definisjonar og klargjering av omgrep .....	3	
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>	
1.1 Mål for arbeidet med planen .....	4	
1.2 Rammene for planen.....	4	
1.3 Planprosess og medverknad.....	6	
1.4 Kjelder til kunnskap og metode.....	6	
1.5 Utfordringar og moglegheiter framover .....	7	
1.6 Kulturminne og klimaendringar .....	8	
<b>2 Kulturarven i Aurland</b>	<b>- eit overblikk i tid.....</b>	<b>10</b>
2.1 Vestnorsk fjordlandskap – UNESCO-status .....	10	
2.2 Forhistorisk tid og mellomalder (før 1537) .....	10	
2.3 Reformasjonen- 1537 -vår tid.....	13	
<b>3 Ivaretaking av kulturarven.....</b>	<b>18</b>	
3.1 Forvaltningsnivå, ansvar og oppgåver.....	18	
3.2 Eigar sitt ansvar .....	19	
3.3 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen .....	20	
3.4 Økonomiske tilskotsordningar .....	20	
<b>4 Oversikt over den utvalde kulturarven .....</b>	<b>21</b>	
<b>5 Mål for kulturarvsatsinga i Aurland.....</b>	<b>27</b>	
<b>6 Handlingsdel 2020-2023.....</b>	<b>30</b>	



## Definisjonar og klargjering av omgrep

**Kulturarven** er all kulturen vi har arva etter generasjonane før oss. Både fysiske gjenstandar og kulturuttrykk som songar, eventyr, mat, kunst, dans og litteratur.

**Kulturminne:** Er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjonar til.

**Automatisk freda kulturminne:** Kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

**Faste kulturminne:** er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

**Lause kulturminne:** er kulturminne som kan flyttast.

**Immateriell kulturminne:** er praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar, musikk, song og dans.

**SEFRAK:** nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900.

**Listeført kyrkjer:** Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

**Krigsminne:** er fysiske eller immaterielle minne etter krig og okkupasjon

**Klima:** Klima er det typiske værmønsteret på ein stad, som t.d. gjennomsnittleg mengde nedbør, maksimums- og minimumstemperatur eller kor ofte det blåser kraftig.



# 1 Innleiing

Kulturarven er den historiske plattforma samfunnet vårt er bygd på. Kulturarv er eit vidt omgrep, som femner om: kulturminne, fornminne, mat, musikk, kunst, litteratur, dans, handverk og tradisjonar. Kulturarven er overført frå generasjonane før oss, no er det vår oppgåve å forvalte den på ein god måte.

Kulturminne er ein viktig del av kulturarven, og blir etter kulturminnelova definert som: "alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon." Kulturminna er viktige for å forstå korleis samfunnet har utvikla seg. Kulturminna kring oss kan vere med på og skape verdiar for framtida. Det er viktig at dei blir gjort kjende og tilgjengelege for folk flest.

Alt kan ikkje takast vare på, difor må kommunen prioritere nokre kulturminne framfor andre. På den måten vert kulturminna lettare å forvalte. Denne planen skal fungere som eit verktøy i forvaltinga av kulturarven, og den skal vere eit hjelpemiddel i høve til formidling, bruk og tilrettelegging av eit utval kulturminne i Aurland kommune. God kulturminneforvalting bygger på kjennskap til historia og samanhengen mellom historisk utvikling og kulturminna i omgjevnadane våre.

Kulturarven er ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga. Med utgangspunkt i element frå kulturarven kan til dømes næringslivet utvikle produkt og opplevelingar, lag og organisasjonar arrangere kurs og samlingar eller turar i historiske miljø, og det kan generelt leggast til rette for at innbyggjarar og besökande skal kunne få innblikk i historia som ligg bak.

Kapittel 1 - gjer greie for bakgrunn, overordna mål og gjeldande lovverk

Kapittel 2 – kort historisk og tematisk gjennomgang av kulturarven i Aurland

Kapittel 3 - ivaretaking av kulturminne, forvaltningsansvar, eigar sitt ansvar og økonomiske tilskotsordningar

Kapittel 4 - oversikt over den utvalde kulturarven i Aurland kommune

Kapittel 5 – mål, strategiar og tiltak for kulturarvsatsinga i Aurland

Kapittel 6 - handlingsdel for 2020-2023

## 1.1 Mål for arbeidet med planen

Målet med arbeidet med plan for kulturarv er:

- Auka kunnskap om kulturarven
- Sikre betre forvaltning av kulturarven
- Gjennom desse to bidra til å utnytte den ressursen som ligger i kulturarven

Planen vert utarbeidd som ein kommunedelplan i samsvar med føresegnene i plan og bygningslova.

Med ein plan for kulturarv vil kommunen få på plass eit styringsverktøy for dette fagfeltet. Planen skal følgje opp lokale, regional og nasjonale målsettingar for kulturfeltet.

## 1.2 Rammene for planen

Forvaltningsansvaret for kulturminne er fordelt mellom forvaltningsnivå staten, fylke og kommunen.

Det er regulert av lovverk, strategiar og forventingar.

Det er utarbeidd **nasjonale miljømål** for kulturminne og kulturmiljø, *2.1 Tapet av verneverdige kulturminner skal minimerast*. For å nå dette målet, må kommunen ha oversikt over kulturminna.



St. meld. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste* legg vekt på styrking av den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet, og på kor viktig det er at kommunane skaffar seg oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen gjennom kulturminneplanar.

Regjeringa la i mai 2019 fram nasjonale forventingar til lokal og regional planlegging. Regjeringa har klare forventingar til den lokale og regionale planlegginga innan for kulturminne og kulturmiljø:

*«Dei vanlegaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiar er utbyggingspress og manglande bruk av eldre bygningar. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål.»*

Vidare skriv dei:

*«Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleveling, bruk og gjenbruk.»*

Spesielle forventingar til kulturminneforvaltninga i verdsarvområda:

*«Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i å oppfylle verdsarvkonvensjonen. Dei norske verdsarvområda skal vere gode eksempel på heilsakleg natur- og kulturminneforvaltning»*

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innanfor natur og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga.

Det er utarbeidd fleire stortingsmeldingar med tema kulturminne og kulturarv. Det vert no arbeidd med ei stortingsmelding om kulturminnepolitikken som skal leggast fram i 2020.

## **Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027**

**Overordnamål:** Kultur for alle

**Hovudmål:**

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kulturelle kraftsenter.

*I Sogn og Fjordane vil vi innanfor kulturminnefeltet mellom anna:*

- Sikre berekraftig og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi.
- Utvikle verdsarvområda, stavkyrkjene, Gulatingsstaden, Kvernsteinsparken og Selje kloster som kulturelle kraftsenter.
- Sikre kapasitet og kompetanse på kulturminneområdet i tråd med ny oppgåveoverføring frå staten.
- Bidra til oppbygging av kulturminnekompertanse i kommunane.
- Nutte kulturarven aktivt i næringssamanhang.
- Arbeide for eit bevaringsprogram for mellomalderkyrkjene.

I **kommuneplanen sin samfunnsdel** er det fokusert på berekraftig utvikling, og at kommunen vil rette innsatsen mot å ta vare på kulturminne og kulturmiljø som ein del av identiteten og miljøet. Tradisjon



og historie er ein av verdiane Aurlandssamfunnet bygger på som kommunen bringer med seg inn i framtida.

I **kommunedelplan for næring** er delmål innanfor utviklingsprogram besøk:

«Aurland skal vera ein reiselivskommune med fokus på berekraft, samarbeid og opplevingar basert på verdsarvverdiane, kultur og tradisjon.»

Delmålet set fokus på berekraftig forvaltning av verdiane våre. Dei fysiske naturskapte og menneskeskapte verdiane, men også dei verdiane som menneska i lokalsamfunna og dei som besøker oss representerer.

### 1.3 Planprosess og medverknad

Aurland kommune søkte om og fekk tildelt midlar til å starte opp planprosessen til lokal kulturminneplan våren 2015. Kulturavdelinga har arbeid med planen med støtte frå ei arbeidsgruppe for planarbeid: Tenesteleiar for kultur, kulturkonsulent, plansjef, landbruksjef og byggesakshandsamar.

For å setja i gang arbeidet med kulturminneplanen vart det halde eit innleiande møte med Aurland sogelag. Her vart det orientert om planprosess og fokusområde. Medan planprogrammet var på høyring vart det halde ein kulturminnekveld for å få opp engasjementet. Det kom fleire gode innspel til vidare prioriteringar. Vidare har det vorte halde fleire kulturveldar/ arrangement innan dei prioriterte tema. Planprogrammet for kulturminneplan for Aurland kommune 2017- 2021 vart vedteke 26.01.2017 av kommunepolitiskt utvalg.

#### Arrangement stolar

- Stølsdag på Sinjarheim 2017
- Stølsarrangement på Langhusa i samband med kulturminnedagane 2017.
- Kulturminnekveld: Kulturminne i Aurlandsdalen i eldre og nyare tid, 2017

#### Krigsminnesamlingar

- Krigsminnesamling mars 2017
- Skulearrangement 8. mai 2018

#### Arrangement klima/ kulturminne

- Kulturminnekveld klima og kulturminne 23.august.2018

I samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark er prosjektet: *Aurlandsdalen, materielle og immaterielle kulturminne* starta opp. Morten Clemetsen, professor ved NMBU har teke på seg dette oppdraget.

### 1.4 Kjelder til kunnskap og metode

#### Kommunedelplan for kulturminne 1990

I arbeidet med planen for kulturarv er det ikkje gjort mykje ny registrering. Planen og verdivurderingane bygger mykje på kulturminneplanen frå 1990. Planen frå 1990 er svært grundig og det vart den gangen gjort ei vurdering av alle type kulturminne i kommunen. I tillegg til kulturminne vart det også utarbeidd ein plan for den immaterielle kulturarven.



## Kunnskapsbasar

- **Kulturminnesøk:** [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)
- **Fylkesarkivet:** [www.fylkesarkivet.no](http://www.fylkesarkivet.no)
- **Kulturhistorisk leksikon:** <https://leksikon.fylkesarkivet.no>
- **Allkunne**, nynorsk digitalt oppslagsverk: [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no)
- **Universitetsmuseet i Bergen**, få tak i arkeologiske rapportar: [www.unimus.no](http://www.unimus.no)
- **Lokalhistorisk litteratur:** På Aurland folkebibliotek og Heradshuset
- **Aurland sogelag:** [www.aurland.sogelag.no](http://www.aurland.sogelag.no)
- **Ope arkivsystem** med artiklar, studentoppgåver og skriftseriar <https://brage.bibsys.no>
- **Aurland kommune** si heimeside: [www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no) og facebooksida til Aurland kommune
- **Fylkesatlas**, digitalt kart med mange kulturminnetema, mellom anna tilgang til SEFRAK registreringsskjema: [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)
- **Miljøstatus**, Miljøstatus viser miljøet sin tilstand og utvikling i Noreg  
<https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomål/kulturminner-og-kulturmiljø/>

I tillegg ligg det føre rapportar som er utarbeidd i samband med planarbeid. Arbeid som kommunen og andre tiltakshavarar og planmyndigheiter står bak. Her kan nemnast Regionalplan for Nordfjella, tematisk, restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde sør Nærøyfjorden, VVV-rapport for Flåmsvassdraget.

## Verdisetting

Riksantikvaren si *Håndbok for lokal registrering* er eit eigna verktøy for å registrere og vurdere verdien av eit enkeltståande kulturminne. Det vert lagt vekt på å identifisere tre verdiar ved kulturminnet:

- kunnskapsverdi
- opplevingsverdi
- bruksverdi

Vidare skal kulturminnet sine eigenskapar og kjenneteikn samanlikna med andre kulturminne vurderast. Med utgangspunkt i denne verdisettinga og vurderinga skal ein kunne ta stilling til om kulturminnet har høg verdi og dermed bør ha eit lokalt vern gjennom planar etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld kartlegging og vurdering av kulturmiljø har Riksantikvaren skrive ein rettleiar for DIVE-analyse: *Kulturhistorisk stedsanalyse*. Denne analysen er eigna for å finne balansen mellom vern og bruk av kulturmiljø.

## 1.5 Utfordringar og moglegheiter framover

### Kva er vitsen - kvifor ta vare på kulturminne?

Det har vore nokon her før oss, dei har budd her og levd sine liv, hausta av naturen, laga byggverk og lagt att spor som er synlege i dag. Ivaretaking av kulturminne gjev oss kunnskap om samfunn og levekår i tidlegare tider. Ved å forvalte og forstå kulturarven, både bygningar, kulturlandskap og tradisjonar kan kulturminna formidlast til kommande generasjonar for at dei skal kjenne si historie og vere stolte av den. Varetaking av kulturminne er miljøvennleg med gjenbruk som eit viktig prinsipp.



Mange av kulturminna som er viktige å ta vare på, har gått ut av bruk. Kulturminne kan også få ny bruk, då kan dei gje ny verdi.

### Lov- og regelverk

**Kulturminnelova** og **plan og bygningslova** er saman med **forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)**, **forskrift om forvaltning av verdsarvmidlar** og **forskrifter til verneområde etter naturmangfaldlova** dei viktigaste regelverka for forvaltning av kulturminna.

#### Kulturminnelova

Alle faste kulturminne frå før 1537 og alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova. Nyare verneverdige bygg og anlegg kan sikrast med vedtaksfreding eller forskriftsfreding i samsvar med Kulturminnelova. Kulturminne og kulturmiljø som er freda eller vert føreslege freda, har høg nasjonal verneverdi.

Det er Riksantikvaren som har myndighet til å gjere vedtak om freding, og som har det faglege ansvaret i kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er regional styresmakt og forvaltar statleg ansvar gjennom delegerte oppgåver frå Riksantikvaren.

#### Plan og bygningslova

Arealdelen til kommuneplanen, områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar er verktøya til kommunen. Gjennom planprosessar kan det innarbeidast omsynssoner kulturmiljø med føresegner om ivaretaking, forbod mot riving, krav til korleis restaurering og istandsetting vert utført, utforming av tilbygg og fasadeendringar mm.

#### Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Tilskot som dei med aktive driftseiningar kan søkje på, tilskot vert tildelt i samsvar med tiltaksstrategi som vert utarbeidd lokalt.

#### Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene

##### Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvområdeordninga over Jordbruksavtalen vart etablert i 2008, den vert forvalta gjennom forskrift. Verdsarvområda har store verdiar knytt til jordbruket sitt kulturlandskap, og desse verdiane er viktig å ta vare på for framtida. Økonomiske verkemiddel er avgjerande for å lukkast. I tråd med revidert forskrift om forvaltning av verdsarvmidlar vert ansvaret for tildeling av midlane overført til landbruksforvaltninga i kommunen frå 01.01.2020.

#### Verneforskrift for verneområde etter naturmangfaldlova

Har ofte krav knytt til kulturminne i verneområde, både bygningar og andre kulturminne.

**Forvaltningsplanen** som er utarbeidd for området er saman med forskrifta det viktigaste verktøyet for kva for tiltak som kan gjennomførast.

## 1.6 Kulturminne og klimaendringar

Etter flaumen hausten 2014 var erfaringa at mange kulturminne vart øydelagt og skadde. Aurland kommune vart med i eit pilotprosjekt i regi av Riksantikvaren om kulturminne og klimaendringar, prosjektet munna ut i rapporten «kulturminner og klimaendringar – pilotprosjekt i Aurland kommune». Riksantikvaren har i ettertid invitert Aurland kommune med i prosjektet Adapt Northern Heritage (ANH).



## Adapt Northern Heritage (ANH).

ANH er et samarbeidsprosjekt mellom 15 partnare frå Irland, Island, Norge, Russland, Skottland og Sverige som har som mål å betre forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø i eit endra klima. Aurland kommune samarbeider tett med Riksantikvaren i dette prosjektet.

### Prosjektet Adapt Northern Heritage har 3 mål:

#### *Web-basert vurderings- og rettleatingsverktøy*

- Utvikle prosedyrar for risiko- og sårbarheitsanalysar og
- Planlegging av bærekraftig tilpassingstiltak

#### *Tiltaksplaner for utvalde kulturminne og -miljø*

- I samarbeid med assoserte partnerar prøve ut og utvikle verktøy og lage eksemplar på ROS-analyser og tilpassingsplaner
- 9 kulturminne/-miljø – i Norge: Aurland og Svalbard

#### *Etablere eit internasjonalt nettverk*

- Involvere myndigheter, lag og organisasjonar, lokalmiljø, spesialister i regionene

Verktøyet vil bli utvikla, utprøvd og demonstrert gjennom utvikling av tiltaksplaner ved ni ulike kulturminne/kulturmiljø i Island, Irland, Norge, Russland, Sverige og Skottland. I Norge er det Sysselmannen på Svalbard og Aurland kommune som er partnarar i prosjektet. (*Sjå Rapport kulturminner og klimaendringer -pilotprosjekt -Aurland kommune*) på <https://www.riksantikvaren.no/Tema/Klimaendringene-og-kulturminner/Adapt-Northern-Heritage>

## 2 Kulturarven i Aurland

### - eit overblikk i tid



I kap 1 er det gjort greie for planprosessen og overordna mål som er sett for ivaretaking av kulturarven. Det er også eit oversyn og viktige kjelder til kunnskap om kulturarven. I kap 2 er det ein kort historisk gjennomgang av utviklinga i Aurland og kvar kulturminne i kommunen vår er.

#### 2.1 Vestnorsk fjordlandskap – UNESCO-status

Aurland kommune har store deler av UNESCO-område Vestnorsk Fjordlandskap – delområde sør Nærøyfjorden.

Vestnorsk Fjordlandskap med delområde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.juli 2005. Verdsarverdiane i Nærøyfjorden er fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar og kulturlandskap som gjev naturlandskapet perspektiv ([www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no))

Sagt med UNESCO sine eigne formuleringar:

*På grunnlag av naturkriteria (i) og (iii) skriv Verdsarvkomiteen Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i Noreg, inn på Verdsarvlista:*

*Kriteriet (i): Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.*

*Kriteriet (III): Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utsal fossar kastar seg utfør dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfold av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.*(vår markering)

#### 2.2 Forhistorisk tid og mellomalder (før 1537)

I Aurland er det registrert ein god del automatisk freda kulturminne frå tida før 1537. mange av dei er registrert i Askeladden, og mange er tilgjengeleg via [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no). Gjenstandar frå forhistorisk tid, lause kulturminne, er levert inn og oppbevart på museum. Dei fleste av desse kjem frå gravfunn. Fleire av desse kan søkast opp på og er kartfesta på [www.unimus.no](http://www.unimus.no).

Gjennomgangen nedanfor bygger i stor grad på kulturminneplanen frå Aurland frå 1990.

##### Eldre steinalder (9000- 3200 f.Kr)

Etter den siste store istida vart Noreg gradvis folkesett. Dei fyste som busette seg i Aurland levnærte seg av jakt, fangst og fiske. Jakt med pil og bøge har vore drive frå eldre steinalder og opp mot nyare tid. I fjellet finn ein nokre minne om denne jaktforma: bogestiller, halvsirkelforma murar, lagt opp som skjul for jegeren.



Drivjakta går og attende til eldste steinalder. Dyra vart drivne utfor ei skrent, *dyrestup*, ofte med bruk av ledegjerde i stein. Den vanlegaste gruppa kulturminne knytt til fangst av storvilt er *dyregravene*. Det er ofte bogestille og ledegjerde i tilknyting til desse.

I fangstanlegga på Handadalseggi og Svartavatnet finn ein døme på desse jaktformene. Sjå [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no).

### Yngre steinalder (3200- 1800 f.Kr)


I yngre steinalder vart folk etter kvart meir bufaste. I tillegg til jakt, fangst og fiske vart nå husdyrhald og jordbruk ein del av livnæringa. Frå denne perioden er det mellom anna funne økser, skiferpiler og flintdolkar i Aurland.

### Bronsealder (1800- 500 f.Kr)

I denne perioden førte jordbruket til at fleire vart bufaste, og folketalet steig. Korndyrking vart vanlegare. Frå bronsealderen er det gjort eit skjeldant funn i Aurland, frå Grimsurdi ved Vassbygdevatnet. Her er det funne to flate økser og eit lite armband.



Figur 1 Rund Bronsespenne frå Prestegarden, Aurland



Figur 2 Gravfunn frå vikingtid frå Brekke, Flåm

### Jernalder (500 f.Kr- 1050) og vikingtid (800- 1050)

Gravrøyser og gravhaugane frå jernalderen gjer eit viktig bidrag til busetnadshistoria. Det vanlegaste var at kvar gard hadde sitt eige gravfelt. Der ein finn slike er det sannsynleg at garden har eksistert sidan forhistorisk tid. I Aurland er det til dømes registrert gravminne på Bakka, Brekke, Dalsbotn, Dyrdal, Flåm, Fretheim, Fronnes, Gudvangen, Hemri, Høydal, Indreli, Kvam, Loven, Onstad, Otternes, Prestegarden, Skaim, Skjerpi, Styvi, Tero, Veum og Vinjum.



Figur 3 Tufter frå Gudmedalen. Foto: Helge Titland

Skriftlege kjelder syner at stølsdrift var vanleg på vestlandet i vikingtida, men truleg er den langt eldre. I Gudmedalen er det registrert ei rekke tufter frå jernalderen, som kan ha vore stølstufter til ein av gardane i Flåm. Dette kan tyde på at stølsbruka i Flåmsdalen er like gammal som den faste gardsbusetnaden.

I støls- og jaktområda er det og registrert *kolgropar* med skjørbrant stein. Fleire av dei er datert til jernalderen, og dei ha vore brukt til matlagning eller

vidareforedling. *Skål gropene* er ein annan type fornminne som ofte er å finne i beiteområda. Dei kan ha vore nytta som offergropes. Desse ligg mellom anna i Seltuft, Kvaolahaugen og Stølshaugen på Upsete. Sjå [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) for meir info om desse. *Helleristningsfelt* finn vi mellom anna i Flåm, Fretheim, Fotland, Upsete, Vidme, Veum og Øyestølen.

I Aurland er det registrert fire område med spor etter jernutvinning: på Ryggvedlhaug, Seltuftsøyri, Upsete og i Gudmedalen. Jernvinneanlegget på Seltuft er datert til om lag år 200 f. Kr, og er det hittil eldste registrerte i Noreg. Jernet gjorde det mogleg å lage betre reiskaper til landbruk, båtbygging og gode våpen.

### Mellomalder (1050- 1537)

Frå mellomalderen har vi skriftlege kjelder som kan fortelje om ein del av gardane i kommunen. På grunnlag av dette er det berekna at det før Svartedauden (1349) kan ha budd kring 1300 menneske fordelt på 55 gardar i Aurland. Det har vore trøngt om plassen, og ressursane var utnytta så langt råd var. Mykje av gardsstrukturane i vårt område var nok på plass i mellomalderen, og levevegen var i hovudsak knytt opp i mot jordbruksdrift på denne tida.


Med innføringa av kristendommen forsvann den heidenske gravskikken med det rike og varierte gjenstandsmaterialet. I staden får vi fleire skriftlege dokument. Skriftlege kjelder fortel at det før Svartedauden var kyrkje på Flåm og kapell på Fretheim. Fram til om lag 1570 stod det ei stavkyrkje på Rygg, og kyrkjetufta og kyrkjegården er framleis godt synleg. I 1956 vart det reist ein bautastein til minne om Ryggjakykja. Sjå <https://leksikon.fylkesarkivet.no/>, artikkel: «Minnestein på kyrkjested i Aurland». I år 2000 vart kyrkjetufti på Rygg valt til Aurland kommune sin Tusenårsstad, på grunn av den sentrale rolla kyrkja hadde hatt i Aurlands natur- og kulturhistorie.

I Aurland står det att to kyrkjer som er bygde før reformasjonen. Den eldste er truleg Undredalskyrkja eller St. Nicolas kapell. Dette er ei stavkyrkje som er bygd om, og ei av dei minste i landet. Kyrkja er nemnt i skriftlege kjelder frå første delen av 1300-talet, men kan vere bygd rundt midten eller siste halvdel av 1100-talet.

Grunnsteine for den gotiske steinkyrkja på Aurlandsvangen vart lagt ned i 1202. Den er ei av dei største mellomalderkyrkjene i Sogn, og blir kalla Sognedomen. Det kan vere nærliggjande å tru at den rike og mektige Aurlandsætta stod som byggherre. Etter tradisjonen vart kyrkja bygd på grunn av mykje handel og ferdsel på Aurlandsvangen.



Figur 4 Kyrkja på Aurlandsvangen. Foto: Aurland kommune sitt lokalhistoriske arkiv



Figur 5 Undredal stavkyrkje. Foto: Riksantikvaren.

## Ferdsel og handel i forhistorisk tid

Aurland har truleg alltid hatt god kontakt både austover og vestover. Fleire gamle ferdsselsvegar mellom Aust- og Vestlandet gjekk gjennom Aurland. Mellom anna gjekk den gamle vegen mellom Bergen og Oslo gjennom Flåm og Aurland. Det var og eit godt samband mellom Aurland og Hol, og det gjekk ein kløvveg gjennom Aurlandsdalen over Østerbø. Fleire vegar skal og ha ført til Hallingskeid, kor det etter munnleg tradisjon skal ha vore ein marknad.

Aurlendingane hadde og kontakt med utlandet. Egilssoga fortel om samkvem med Irland i vikintida, og i mellomalderen skal Aurlandsvangen ha vore eit laste- og handelsstad for skottar og engelskmenn som kom for å drive handel.

## 2.3 Reformasjonen- 1537 -vår tid

### Jordbruksbusetnaden, stølsdrift og driftehandel


Folketalet gjekk sterkt attende i Aurland under Svartedauden. Fyst i det attande hundreåret var folketalet på same nivå som før pesten. Folketalet steig utover på 1800-talet, og nådde ein topp i 1845 med over 2800 innbyggjarar. Ressursane var nå nytta til det ytste. Nye gardar vart rydda, og eksisterande gardar vart delte opp. Mesteparten av foret vart henta frå utmarka. Utløper og løypestrengfeste fortel framleis om denne drifta.

Som nemnt vart gardane etter kvart delt opp i fleire større eller mindre bruk. Kvart bruk fekk innmarka stykka opp i mange åker- og engteigar. Husa stod samla i eit felles tun, og her kunne opp til 8-10 brukarar ha sine hus. I Aurland finn ein ofte ein mellomting mellom klyngjetunet og rekkjetunet. Otternes (Åtnes) er eit døme på det.

Med utskiftinga i siste halvdel av 1800-talet fekk kvart bruk fekk sitt eige tun. I samband med utflyttinga frå klyngjetunet vart gjerne husa vølte og fornya på ymse vis, men fleire hus var i så dårlig stand at dei ikkje let seg flytte. Det vart derfor bygd ei rekkje nye hus i tidsbolken mellom 1870 og 1900. I Aurland er endringane i samband med utskiftinga mest merkbare i låglandet.

I tillegg til jakt og fiske var driftehandelen ein viktig attåtnæring for mange. Driftekaranne kjøpte opp storfe og hestar om våren, og førte dei opp på fjellet for å beite. På seinsommaren drifta dei nedover mot marknadene på Austlandet. Dei fleste krøtera vart selt som slakt. Driftehandelen var såleis ein

praktisk måte å  
frakte kjøt over  
store avstandar. Då  
Bergensbanen opna  
i 1909 vart det  
vanleg å drive dyra  
til Myrdal og la  
toget transportere  
feet til Austlandet.  
Siste fedrifta  
gjennom  
Aurlandsdalen  
gjekk så seint som  
kring 1950. Det  
viste seg at det



Figur 6 Driftehandel i Aurland. Foto: Frå Sogelaget sitt arkiv

framleis kunne vere vel så lønsamt å drive dyra på gamlemåten som å frakte dei med jernbanen. Les meir på [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) i artikkelen «Fehandel og driftekarar».

På 1840-talet byrja utvandringa til Amerika. Mest ingen stad i landet hadde så stor utvandring i høve til folketalet som Aurland. Grensa for kor mykje folk bygda kunne makte med den rådande næringsstrukturen var nådd. Mellom anna var det mange husmenn og sjølveigande bønder på små bruk som reiste.

Stølsdrifta var truleg mest intensiv på midten av 1800-talet. Produksjonen var for ein stor del lagt opp til sjølvberging. Likevel hadde folk bruk for kontantar, og dette fekk dei mellom anna for sal av kjøt og stølsprodukt. Stølsdrifta var på mange måtar sjølve livsgrunnlaget for bygda.

På slutten av 1800-talet førte margarinien til at fjellsmøret fall i pris. Samstundes steig etterspurnaden etter geitost. Resultatet var ei sterkare satsing på geitehald. No kunne ein klare seg med færre stølar, då geitene fann føde der storfeet ikkje kom til.

Dei fleste gardane hadde to eller fleire stølar, og kunne dermed utnytte beiteområda etter kvart som dei vart produktive. *Vårstølen* låg gjerne rett over kanten av fjellplatået. Den vart nytta i to til tre veker i juni/juli, og likeins i august/september. Gangavstanden var gjerne ein til tre timer. *Fjellstølen* kunne ligge åtte til ti timars gangtid frå garden, og vart nytta i juli og august. *Fleirseterbruk* var vanleg i Aurland. Det kunne vere både vår- og to sommarstølar på ulike høgdar opp til om lag 1100 moh. Mangel på beite gjorde at bøndene måtte flytte til ein ny plass medan beitene vaks opp att.

Dei ulike bruka på kvar gard hadde som oftast støl på same staden, men i enkelte tilfelle var det fleire gardar på same stølen. Det mest vanlege var stølsgrender med tre til fire brukarar, men dei kunne også vere større. På Grimsete var det heile sju brukarar og atten hus.

Dei mange stølane i kommunen fortel om kor viktig det har vore å utnytte beiteressursane i fjellet. Med omleggingane i jordbruket er stølshusa komne meir ut av bruk. Berre eit fåtal av eigarane ser seg i stand til å ta vare på husa, og resultatet er at dei fleste stølshusa er nokså forfalne. Enkelte av husa blir nytta til fritidsformål og er i god stand, men få heilskaplege stølsgrender er tekne vare på. Dermed er ein viktig del av kulturlandskapet i fjellet i ferd med å bli borte.

På 1930-talet vart det gjort ein omfattande registrering av stølar i Aurland.(Sjå vedlegg).

### Gardane i dal og fjordlandskapet

Aurland kommune har eit variert landskap med djupe dalar og høge fjell. Naturressursane har vorte utnytta av dei som er busett i kommunen i uminnelege tider. Vi finn mange spor etter dette rundt om i landskapet. Det er stølar i fjellet, og i dalsidene ligg mange høgdegardar. Dei flate dalbotnane er hovudvekta av busetnaden i dag.

I Flåmsdalen ligg gardsbruk i Indreli, Ryo, Holo og Vidme høgt over dalbotn. Desse har bilveg og fast busetnad. Geisme er ein veglaus fråflytta høgdegard i same dalføret.

Langs Aurlandsfjorden er det busette gardar med vegtilkomst i Li og Vikesland. Ås ligg godt synleg høgt over fjorden og busetnaden knytt til Aurlandsvangen. Skjerdal ligg høgt og fritt i den bratte dalen opp frå fjorden.

Vidare utover langs Aurlandsfjorden er det fleire veglause høgdegardar. På høgdegarden Nedbergo er det to fråflytta bruk. På høgdegarden Stegen er det og to bruk. Den eine, Neste Stegen, vert nytta i landbruk og næring. Øvste Stegen vert nytta som fritidsbustad. På Horten, har det og vore gardsbruk. Her er det berre att tufter frå husa som i si tid var her.



I Aurlandsdalen har det vore fleire busettingar. Den mest kjende og bevarte garden er Sinjarheim. Høgdegardane i Aurland er av stor og viktig kulturhistorisk verdi.

### Tettstader og kommunikasjonar

Tettstadene i kommunen byrja fyst å vekse fram i åra kring 1900, noko som mellom anna har samanheng med utviklinga av kommunikasjonane. I 1870-åra vart det bygd dampskipsskai på Aurlandsvangen og bru over elva. Aurlandsvangen overtok då dei sentrumsfunksjonane som tidlegare var lokaliserte på Onstad. Tettstadene Gudvangen, Fretheim og delvis Undredal voks fram som eit resultat av jernbaneutbygging, dampskipssamband og auka turistferdsel.

Aurland har frå langt attende hatt godt samband med Bergen sjøvegen, og i 1858 byrja *Fylkesbaatane* med rutefart. I byrjinga rodde folk ut til båtane for å hente varer og reisande, men i 1880-åra vart det bygd kai både på Aurlandsvangen, Fretheim, Gudvangen og Undredal.

Lenge skjedde det meste av transporten via sjøvegen. Postvegen langs Nærøyfjorden vart bygd alt på 1700-talet, men elles fanst det nesten ikkje køyrevegar før på midten av 1800-talet. Vegen mellom Bakka og Gudvangen vart bygd i 1856, og i 1894 vart det bygd veg frå Gudvangen til fylkesgrensa. Vegen til Vassbygda vart bygd i 1919 og vegen mellom Aurlandsvangen og Fretheim i 1920.

Opninga av Vossebanen i 1883 og Bergensbanen i 1909 førte til eit gjennombrot når det gjaldt kommunikasjonar. Skysstrafikken byrja å gå livleg mellom Gudvangen og Voss og mellom Fretheim og Myrdal. Både turismen og handels- verksemda opplevde ein vekst etter dette. Med opninga av Flåmsbana i 1944 fekk Aurland etter si tid eit lett samband både med Oslo og Bergen.

### Turisme

Dei første turistane kom til bygda alt i 1850-åra. Det var i hovudsak velståande engelskmenn og skottar som kom for å drive jakt og fiske. Turismen som næring fekk likevel ikkje så mykje å seie før kommunikasjonane vart betre utbygd i åra kring 1900. Hotella i sveitserstil på Gudvangen og Fretheim er minne frå denne tida.

Før gjestgjevarstadene kom var det presten og enkelte bønder som måtte huse ferdafolk. Alt i 1720-åra var det gjestgjevarstad kombinert med handelsverksemد på Aurlandsvangen. Dei første privilegerte gjestgjevarstadene i Aurland, Arnehus i Dyrdal og Onstad, vart først oppretta i 1737. Madam Larsenhuset, Lordahuset, Lensmannstova står att som rester etter det gamle sentrum på Onstad. Gjestgjevarstaden på Arnehus vart likevel snart ein avkrok i høve til Gudvangen, men gjestgjevarstaden på Onstad var i drift til om lag 1870-80 åra. Då vart handels- og gjestgjevarverksemda flytta over til Aurlandsvangen.

Aabelheim (Skjerdalshus) på Aurlandsvangen har ein spesiell historie. I 1752 bygde Oberst Jacob Gerhard Meidell eit hus på staden der dette huset står i dag. Meidellhuset vart skada i brann, men sett opp att på same stad. I 1801 overtok sokneprest Ole Aabel denne bygningen. Han reiv Meidellhuset, og bygde opp huset i empirestil som står der i dag. Aabel nutta opp att delar frå dette huset, noko som i dag er særleg synleg i innvendige dører og gerikter. Huset fungerte lenge som prestebustad, men i 1942 vart det omgjort til pensjonat, og er framleis ein del av drifta på Vangsgaarden gjestgiveri. I dag vert huset brukt som frukostrom og bustad til betjening.



## Vasskraft

Aurland er i dag ein av dei største kraftkommunane, men vasskrafta vart og nyttta i tidlegare tider. På dei fleste gardar der det var høve til å nytte ein bekk eller elv, var det sett opp kvernhus. Fleire stader var det og sett opp stampar til å lage vadmålsklede. Det har vore fleire sagbruk i Aurland: i Dyrdal, Fronnes og Nordheimsdalen. Kring år 1900 vart vasskrafta nyttta til å produsere elektrisk straum. I samband med utbygginga av Bergensbana vart Elektrisitetsverket på Kjosfossen bygd i 1899. På 1920-talet vart det bygd små kraftverk på Bell, Skjerdal, Dyrdal, Undredal og Heimdal. Leinafoss kraftverk vart opna i 1932. På 1970-talet kom den store kraftutbygginga til Oslo Lysverker, i dag ECO.

## Handverk og småindustri

Det gamle jordbruksamfunnet var i hovudsak basert på sjølvforsyning, og i 1801 var det registrert 25 handverkarar i kommunen. Dette var i hovudsak bygningshandverkarar, skomakarar, smedar og skreddrarar. Seinare er det også kjent at det var båtproduksjon, tobakksproduksjon og slakteriverksemd. Av desse er det utan tvil skoproduksjonen som har gjort Aurland mest kjend. I 1950 var 80 personar i 16 ulike verksemder sysselsette i skoproduksjonen. Sidan 1989 har Aurland Skofabrikk vore den einaste produsenten av Aurlandsko.

## Kulturminne knytt til tru

I tida etter reformasjonen vart det bygd to nye kyrkjer i Aurland: kyrkja på Flåm og kyrkja på Bakka. Flåm har hatt funksjon som ein heilag stad langt attende i forhistorisk tid, og det var vanleg å bygge dei første kyrkjene i nærleiken av dei gamle hovplassane. Det finst tilvisingar til ei kyrkje på Flåm alt på 1300-talet, men den noverande kyrkja sto ferdig i 1670.

Bakka kyrkje stod ferdig i 1859. Bakka hørde tidlegare til Undredal sokn, og innbyggjarane måtte ro over fjorden for å komme seg til kyrkje.

I 1850-åra vart det rydda kyrkjegard på Østerbø. Folk i Aurlandsdalen hadde vanskar, især vinterstid, med å frakte lika ned til kyrkjegarden på Aurlandsvangen. Den vesle kyrkjegarden var i bruk fram til 1911. I 1953 vart det reist ein bautastein med namna på dei 27 personane ein kjenner til er gravlagde her.

## Skulane

I siste halvdel av 1800-talet vart det bygd fleire skular rundt om i kommunen. Tidlegare var skulegangen basert på omgangsskule i heimane, men med skulelova i 1860 vart det påbode å dele kommunane inn i skulekrinsar med eit skulebygg i kvar krins. Den første skulen etter den nye lova vart bygd i Flåm i 1862. Seinare fekk Undredal, Dalen, Vangen, Berekvam, Dyrdal, Bakka, Skjerpi, Vassbygda og Myrdal eigne skulehus. Desse skulehusa har ein nokså lik arkitektur, med skulestove i den eine enden og rom til læraren i den andre. (Sjå og <https://leksikon.fylkesarkivet.no>, Skulekrinsar og skulehus i Aurland) Nokre av skulene er i dag selt. Det gjeld mellom anna den gamle skulestova i Flåm, skulane i Vassbygdi, på Berekvam og Myrdal skule. Skulen på Vangen (bygd 1933) fungerer i dag som barnehage. Flåm skule (1914) er framleis skule, no med påbygg. Skulen i Underdal er modernisert, og tener i dag som møtelokale, treningsstudio mm.

## Kulturminne knytt til 2. verdskrig

Dei første dagane etter krigen braut ut 9. april var Gudvangen eit viktig knutepunkt. Tyskarane hadde eit omfattande forsvarsanlegg på Ramsøy. Dette besto av løpegraver på kring 400 meter og seks

bunkerar. Sjå <https://leksikon.fylkesarkivet.no/> for meir info. Anlegget på Ramsøy og elles i Gudvangen er ikkje fullstendig registrert. Figur 7 syner delar av anlegget på Ramsøy


25. april 1940 slepte tyskarane bomber over Flåm. Mange søkte tilflukt under *hellerar*. Det estiske skipet *Begonia* hadde søkt tilflukt under Midnosiberget nokre dagar tidlegare. No vart det slept bomber mot skipet. Mannskapet og kaptein Mihkel Kagi hadde gått i land, men kapteinen vart skadd av ein splint og døydde. Han vart gravlagd på kyrkjegarden i Flåm.

Skipet vart seinare senka av den norske hæren. Sidan det ligg under vatn er det eit automatisk freda kulturminne. Bergen sjøfartsmuseum har lagt det inn på [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no).

Flåm vart evakuert i slutten av april. Tyskarane heldt i fyste omgang til på Fretheim hotell, men bygde etter kvart ei brakke på Brekke, i Hokjen. Denne brann snart ned, men vart snart bygd opp att. Det vart og bygd ei brakke til russiske krigsfangar, med høgt gjerde kring. Denne vart kalla «russarbrakka». I Flåm finn vi fleire krigsminne knytt til forsvarsanlegg, dei mest omfattande på Neset og på Hagaberg.



Figur 7 Frå anlegget på Hagaberg. Foto: Halgeir Høydal



### 3 Ivaretaking av kulturarven

#### 3.1 Forvaltningsnivå, ansvar og oppgåver

Gjennomgangen i kap 2 syner at i landskapet vårt er det kulturminne frå ulike tidsperiodar. Forvaltninga og ansvaret for kulturminna er delt mellom fleire forvaltningsnivå og instansar og vert forvalta etter fleire lovverk. Nedanfor følgjer ei oversikt over forvaltningsnivå, instans, ansvar og oppgåver.

Forvaltningsnivå	Ansvar	Oppgåve
Staten v/Riksantikvaren	Direktorat for kulturminneforvaltning og rådgjevar for klima og miljødepartementet i utviklinga av statleg kulturminnepolitikk Kulturminnelova(KML)	Gjenomføring av statleg kulturminnepolitikk Fagelg ansvar, rettleiing av mellom andre kommunane Myndigkeit til freding etter KML Klageinstans for vedtak etter KML fatta av FK Verdsarv - UNESCO
Staten v/Fylkesmannen	Landbruksavdeling og miljøvernnavdeling Jordlova m forskrifter (SMIL) Plan og bygningslov	Rettleiing av kommunane innan tema kulturlandskap, verdsarv og arealplanlegging Myndigkeit til motsegn i plansaker Klageorgan
Verneområdestyret for Nærøyfjorden	Verneforskrifter for landskapsvernområde og naturreservat i Aurland kommune	Forvaltning av verneområde i tråd med verneforskrifter og forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde sør Nærøyfjorden. Verdsarv - UNESCO
Fylkeskommune (FK)	Kulturavdeling og planavdeling Kulturminnelov Plan og bygningslov Verdsarv	Rettleiing i plansaker innanfor bygningsvern, kulturmiljø, arkeologi og kulturlandskap Myndigkeit til motsegn i plan- og disp.saker. Ansvar for automatisk freda kulturminne Frede bygg Ansvar for fredingsprosessar, kan vedta mellombels freding Verdsarv - UNESCO Tilskot til kulturminne i verdsarvområdet.
Kommunen	Plan og bygningslova Verdsarv Jordlova med forskrifter, SMIL, nydyrkning, landbruksveg, verdsarvmidlar  Kultureining Plan Byggesak Landbruksforvaltning Økonomisk ansvarleg for vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar	Ha oversikt og kjennskap til kulturminna i kommunen Sørge for at omsynet til kulturminne, kulturmiljø og landskap blir sikra i alle typar kommunale vedtak som kan verke inn på desse Ta vare på kulturminna i kommunen gjennom arealplanlegging og byggesakshandsaming Legge inn kulturminne i Askeladden Brannsikre verneverdige kulturminne Samordningsplikt med kulturminnemyndigkeit i samband med plan og byggesakshandsaming på tvers av eigen organisasjon og forvaltningsnivå Meldeplikt etter kulturminnelova

#### Verdsarvområde vestnorskfjordlandskap – delområde sør Nærøyfjorden - forvaltning

Verdsarvområdet vert forvalta gjennom det forvaltningssystemet vi har med lover, forskrifter, forvaltningsnivå og ansvar som skissert over. Statusen gjer at forvaltningsmyndighetene har eit



omsyn ekstra som må vere med i vurderinga av planar og tiltak. At store delar av kommunen har fått status som verdsarvområde betyr at det er store verdiar som skal forvaltast på vegne av samfunnet.

Mykje av natur- og kulturverdiar er omfatta av planar og verneområde, med eigne forvaltningsreglar. Nærøyfjorden Verneområdestyre har forvaltningsansvar for alle områda som er verna i medhald av naturmangfaldlova i kommunen. I områda som ikkje er verna etter naturmangfaldlova er det plan- og bygningslova og planar vedteke med heimel i denne lova som legg føringar for utvikling og bruk.

### Nærøyfjorden verdsarvpark

Som ein utviklingsaktør for å ta vare på og utvikla tiltak i samsvar med verdsarvstatusen, vart stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark skipa av dei fire kommunane som verdsarvområdet ligg i, Voss, Vik, Lærdal og Aurland kommunar samt Sogn og Fjordane fylkeskommune. Formålet til stiftinga er mellom anna; «Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.»

Nærøyfjorden verdsarvpark jobbar med prosjekt i hovudsak i Aurland kommune. Dei får tilskot til kulturminnekompétanse som er svært viktig for å gje rettleiing til eigarar som søker om økonomisk støtte til i standsetting av kulturminne. Spesielt med fokus på verdsarvområdet.

### Lag og foreiningar

I Aurland er det mange aktive lag og foreiningar. Desse er og kan vere viktige i arbeidet for kulturarven. Som arrangørar av dugnad, kurs og møteplassar er dette viktige samarbeidspartnerar for kommunen og andre som vil ta vare på kulturarven og skape liv. Dette gjeld både den materielle og den immaterielle kulturarven.

## 3.2 Eigar sitt ansvar

Det store fleirtalet av kulturminna i Aurland kommune er i privat eige, der eigar har skjøtsels- og

### Kven kontaktar eg?

*Utføre tiltak på eit vedtaksfreda bygg, anlegg eller kulturmiljø eller eit automatisk freda kulturminne datert 1537-1650?*  
kontakt fylkeskommunen for å avklare om tiltaket krev dispensasjon frå kulturminnelova

*Utføre tiltak på ein forskriftsfreda bygning (statleg eigedom), freda middelalderbygning (før 1537) eller kyrkje?*  
Riksantikvaren må vurdere tiltaket før arbeida starter

*Utføre arbeid i nærleiken av ei kyrkje?* Fylkeskommunen eller Riksantikvaren må vurdere tiltaket før arbeida starter.

*Bygge på eit verneverdig hus?* Kontakt kommunen for å avklare om tiltaket er søknadspliktig og kva for føresegner som gjeld

*Oppdag eit arkeologisk kulturminne?* Kontakt fylkeskommunen for råd og rettleiing

*Utføre inngrep i eit arkeologisk kulturminne?* Kontakt fylkeskommunen for råd og rettleiing. Dersom tiltaket krev dispensasjon vert maka sendt til Riksantikvaren for vurdering.

vedlikehaldsansvaret. Eigarane tek vare på kulturminna og kulturmiljøa sine fordi dei betyr noko for dei, eller fordi dei har ein bestemt funksjon. Det er deira innsats, vilje, kompetanse og erfaring som er avgjerande for om kulturminna og kulturmiljøa blir ivaretakne på en god måte.

Eigarane av freda kulturminne etter kulturminnelova har eit spesielt ansvar for å forvalte nasjonale verdiar. Innsatsen til eigarar av kulturminne som er regulert til bevaring eller andre verneverdige kulturminne er viktig for ivaretaking av kulturminneverdiane.



### **SEFRAk registrert bygg?**

At eit bygg er SEFRAK-registrert tyder ikkje at bygget har eit formelt vern. Registreringa er ein indikasjon på at bygningen kan vere eit verdifult kulturminne, eller at den høyrer til eit viktig kulturmiljø eller kulturlandskap. Det bør difor gjerast ei lokal vurdering av verdien før det vert fatta vedtak om løyve til riving, flytting eller endring av bygg,

Alle huseigarar har ansvar for vedlikehald av husa sine, jamfør plan- og bygningslova. Eit jamleg vedlikehald og forsvarleg bruk er det beste vernet. På sikt vil det òg løne seg økonomisk, fordi ein slepp store utgifter når forfallet har gått for langt. Dette gjeld både private og offentlege eigara og næringslivet.

Eigarar av freda kulturminne eller kulturminne regulert til bevaring har ansvar for å søkje om løyve til tiltak som går utover vanleg vedlikehald.

### **3.3 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen**

I dag er den lokale kulturminneforvaltning i Aurland kommune fordelt mellom kultur, plan, teknisk og landbruk. Det skal oppretta eit kulturarvteam på tvers av dei ulike avdelingane, som har kompetanse til å vurdere / få vurdert kulturminneverdiane, og rådgje innbyggjarane.

### **3.4 Økonomiske tilskotsordningar**

Økonomisk støtteordningar vert nytta for å bidra til at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert teke vare på. Støtteordningane dekker berre ein del av den totale kostnaden ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering. Dei som ynskjer å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap kan söke på støtteordningar som passar til det aktuelle prosjektet. Under er det ei oversikt over relevante tilskotsordningar – dette er ikkje ei uttømmande liste. Det er sjølv sagt mange andre mogelegheiter til å skaffe finansiering både til formidlingstiltak og til tiltak for å ta vare på kulturarven.

- Riksantikvaren har fleire tilskotsordningar (<https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Tilskot>)
- Fylkesmannen har ulike tilskotsordningar – informasjon på heimesida til fylkesmannen
- Fylkeskommunen har ulike tilskotsordningar – informasjon på heimesida til fylkeskommunen
- Landbruksforvaltninga har ulike støtteordningar knytt til kulturmiljø og kulturlandskap til dømes SMIL ordninga, verdsarvmildar, regional miljøprogram
- Norsk Kulturminnefond
- Private stiftingar og legat

Aurland kommune har abonnement på Tilskuddsportalen <http://www.tilskuddsportalen.no>. Det er eit tilbod som samlar og gjev oversyn over alle tilskotsordningar som finst i landet. Lag og organisasjoner kan registrere seg og söke om tilskot til tiltak eller prosjekt dei har.

### **Formidling av kulturarven i Aurland**

For at folk skal få utbytte av kulturarven, må denne formidlast på hensiktsmessig måte. Formidlinga må tilpassast dei ulike målgruppene. Det kan vere ei opplevelse som til dømes eit arrangement eller ei kulturløype. Dagens bruk av kulturarven er ein viktig arena for formidling av det som ein gong var. God kjennskap til den omfattande kulturarven er ein føresetnad for god formidling.



## 4 Oversikt over den utvalde kulturarven

I dette kapittelet er det gjeve ei oversikt over den utvald kulturarven i Aurland kommune. Dette er kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit spesielt potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga.

Prioriteringane byggar på kulturminneplanen frå 1990. Planen frå 1990 har vore nytta som verktøy i arealplanlegginga sidan og mange av kulturmiljøa og kulturminna er regulert til bevaring gjennom reguleringsplanar etter plan og bygningslova.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vitnar om vår historie. Kunnskap om kulturarven vil difor vere viktig for at lokale aktørar skal kunne ta ut potensialet og nytte denne som ein ressurs i

samfunnsutviklinga. For dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vil formidling og utvikling ofte vere aktuelle tiltak. Formidling av kunnskap kan til dømes vere retta mot publikum, eigarar eller forvaltninga.

Ein del av dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa har ikkje eit formelt vern i dag. For desse vil lokalt vern gjennom plan- og bygningslova vere aktuelle tiltak. Før eit slikt vern vert sett i verk, er det viktig å utføre ei nærmare kartlegging som identifiserer kva verdiar det er verdt å verne om.

Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/utvikling	Vern/ivaretaking	
Fangstanlegg i fjellet	Jakt, fangst og fiske har vore og er viktige aktivitetar i fjella i Aurland kommune	X		Fangstanlegg med bogestille, leiegjerde, dyregraver er automatisk freda kulturminne. Nokre av desse anlegga ligg lett tilgjengeleg langs Fv 50 og 243, samt langs ferdsselsruter i fjellet. Formidling om historia om og bruken av anlegga er viktig. Utval av anlegg må skje i samarbeid med vernemyndighet, grunneigar og villreinforvaltninga. Må følgjast opp i handlingsdelen
Jernvinneanlegg Gudmedalen og Seltuft	Anlegga fortel om tidleg utnytting av ressursane. Mange fornminne på ein lokalitet som fortel om utvikling over tid, frå steinalder til nyare tid.	X		Anlegga er automatisk freda. Gudmedalen er eit spesielt anlegg med 14 hustufter og det er ein muleg samanheng mellom stølsdrift tilbake i tid og jernvinneanlegget som attåtnæringer. Gudmedalen er allereie skilta frå Flåmsdalen som kulturminne. Seltuft ligg lett tilgjengeleg langs Rallarvegen.



Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/ utvikling	Vern/ ivaretaking	
Bergkunst, skålgroper	Aurland har kjende skålgroper på sju lokalitetar. Vitnar om tru og tradisjon tilbake i tid. Fleire av dei ligg i tunet på gardsbruk eller mellom sel på ein stølvoll	X		Dette er automatisk freda kulturminne. Det bør veljast ut minst eit felt som er lett tilgjengeleg som kan formidlast om.
Busettingsområde Sitjande i Vassbygdi	Eldre busettingsområde	X		Automatisk freda kulturminne, ligg lett tilgjengeleg langs vegen til Stonndalen.
Formindefeltet på Lunden	Gravfelt, kan vere fleire flatmarksgraver. Området ikkje undersøkt . mellombels oppbevaring av bautasteinar frå Framigarden på Flåm, restar etter ein steinring som stod der, området er opparbeidd som park.	X		Området ligg lett tilgjengeleg langs Flåmsdalsvegen, mange som går forbi området. Eit ideelt punkt for informasjon og formidling om forminna i området.
Gravhaugar på Sogn jord- og hagebruksskule	Fem attverande gravhaugar som ligg i jordbrukslandskapet på SJH	X		Gravhaugane på SJH ligg lett tilgjengeleg, den største er og den som er lettast tilgjengeleg i tunet på SJH. Det går ein merka sti gjennom tunet og forbi gravhaugane. Aktuelle tiltak er vegetasjonsskjøtsel og informasjon.
Gravrøyser i Nærøyfjorden landskapsvernområde	Fornminne med stor opplevingsverdi, mange ligg lett tilgjengeleg ved fjorden.	X		Automatisk freda kulturminne. Formidling og skjøtsel aktuelt. Ligg i landskapsvernområdet og verdsarvområdet, mykje ferdsel informasjon er viktig for å hindre skade (t.d. fjerning av stein frå gravrøyser)
Kyrkjetuft og gravplass på Rygg (Ryggjakyrkja)	Tusenårsstaden til Aurland kommune	X	X	Ligg lett tilgjengeleg mellom busetnad i området, informasjon og skjøtsel viktig



Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/ utvikling	Vern/ ivaretaking	
Stølar og stølsdrift	Utmarka har vore viktig i gardsdrifta. Aurland er rik på stølar og stølsminne. Mange av stølane har gått ut av bruk og både dei fysiske spora som bygningar og murar forsvinn saman med kunnskapen om og minna frå stølsdrifta.	X	X	Kartlegging og registrering av stølane bør gjennomførast med utgangspunkt i kartlegginga frå 1930 - talet. Muleg tiltak: vise stølar som omsynssone kulturmiljø i arealdelen til kommuneplanen. Systematisering av innsamla materiale om stølsdrift og vurdering av korleis dette skal takast vare på og formidlast Meir om det immaterielle kulturarven, ysting er ein levande og ubroten tradisjon på bruk i Undredal og Skjerdal, enkelte stølar med langkontinuitet.
Ferdselsvegar	Aurland har langt tilbake vore eit gjennomfartsområde for ferdsel mellom aust og vest. Utviklinga i samferdsla er sentral i utviklinga av lokalsamfunnet	X	X	Mange av dei gamle stølsvegane er også historiske ferdselsvegar som ein del av ei lengre rute mellom dalføre og bygder. Ei kartlegging av driftevegane syner at vegen gjennom Flåmsdalen og Stonndalen har vore sentrale historisk sett. Etter kvart overtok vegen gjennom Aurlandsdalen og då Bergensbana kom vart denne svært viktig. Ferdsla gjekk då opp Flåmsdalen på nybygd veg til Myrdal. Postvegen gjekk gjennom Nærøydalen til Gudvangen, Bakka og Styvi. Kartlegging og istandsetting, merking og skjøtsel er aktuelle tiltak.
Kyrkjene	Undredal stavkyrkje Vangen kyrkje Flåm kyrkje med kyrkestova Bakka kyrkje	X	X	Kyrkjene er alle del av regulert område og regulert til omsynssone kulturmiljø.
Nærøyfjorden/-dalen	Delvis verna som landskapsvernombord, resten med i verdsarvområde.	X	X	Område på UNESCO si verdsarvliste, først og fremst som naturarvområde, men kulturspora er peika på som viktige. Garden Styvi er verna i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Drift av jordbruksareal, skjøtsel av kulturminne og bygningar i jordbrukslandskapet, samt tilrettelegging for ferdsel og bruk
Flåmsdalen	- eit variert landskap frå fjord til fjell. Samferdselshistorie, ferdsels- og drifteveg, Rallarvegen, Bergensbana, Flåmsbana, stor variasjon i kulturminne	X		Mange aktive gardsbruk i området. Drift og skjøtsel av landskap og bygningar er viktig for å ta vare på verdiane i dalen.



Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/ utvikling	Vern/ ivaretaking	
Aurlandsdalen	- elvedal som vitnar om aktiv gardsdrift i krevjande landskap	X	X	Fekk status som «Historisk vandrerute» i 2018. Stølar og kulturspor gjennom heile dalen. Sinjarheim som intakt bygningsmiljø. Kyrkjegården på Østerbø. Årleg skjøtsel av stien og, ivaretaking av kulturspor og bygningar. Eigen plan er utarbeidd. Den kan leggast til grunn for tiltak i området.
Høgdegardane	Gardane som ligg i høgt over fjord og dalbotn. Karakteristiske i landskapet vårt, mange av tuna ligg på sin opphavlege plass etter utskiftinga, der det ikkje var mogleg å flytte tunet p.g.a. skredfarene.	X	X	Nokre av gardane er verna etter naturmangfaldlova som del av Nærøyfjorden landskapsvernområde, det gjeld Nedbergo og Stigen.
Historiske bygningsmiljø i bygdene våre	Aurlandsvangen, med Vangen kyrkje, Aabelheim som er vedtaksfreda, Vangsgården og Duehuset Undredal- strandsitjarstaden Gudvangen – reisemål tidleg turisme Bakka - kyrkjested med gardsanlegg i kring Onstad – det gamle sentrum	X	X	Område regulert til omsynssone kulturmiljø Eit aktuelt tiltak er meir informasjon til eigarar av eigedomar i desse områda.



Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/ utvikling	Vern/ ivaretaking	
Bevaringsverdige bygningar og bygningsmiljø på gardsanlegg	Høydalen Ty Tunet på Sogn jord- og hagebruksskule Låvi Nedre Brekke Vidme Dyrdal Kårhus på Tero Kvernhus Tero Villaen på Solhaug Skulestove i Vassbygdi Prestanaustet		X	Fleire av desse bygningsmiljøa er regulert til bevaring gjennom reguleringsplan. Må vurdere å legge på omsynssone kulturmiljø i kommuneplane på tun som er vurdert som bevaringsverdige. Eit aktuelt tiltak er meir informasjon til eigarar av eigedomar i desse områda.
Otternes	Verneverdig klyngetun med 27 bygningar i alt. Otternes gjev ein eineståande dokumentasjon av eldre byggeskikk og brukstradisjonar	X	X	Det er starta dialog om freding av tunet. Initiativ frå stiftinga Otternes bygdetun. Stiftinga Otternes bygdetun skal overta heimelen til tunet frå Aurland kommune.
Kulturminne knytt til jernbane	Rallarvegen – inkludert Flåmsdalsvegen frå botn av Myrdalssvingane til Flåm Klevabrua – på Bergensbanen Myrdalsleitet forsamlingshus Seltuftberget brakke Vaktarbustad Blomheller	X	X	Utbygging av Bergensbanen er ein viktig del av Aurland kommune si samferdslehistorie, etablering av anleggsvegen frå Flåm til Myrdal og vidare i retning Finse var det første steget på anlegget. Frå Blomheller til Kårdal er Rallarvegen ganske intakt. Ulike vernestatus frå vedtaksfreda til regulert til bevaring.
Tømmerhogst i Norheimsdalen	Norheimsdalen var bygdeallmenning, med bruksrett for bygdefolket	X	X	Verna etter naturmangfaldlova, opna for ivaretaking gjennom verneforskrifta
Kraftverk i Dyrdal	Kraftverk bygd i 1923, einaste kraftverk med turbin intakt.	X	X	Kommunen sette i stand kraftverket på 90-talet




Utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle	tiltak	Kort omtale:
		Formidling/ utvikling	Vern/ ivaretaking	
Krigsminne	Forsvarsanlegg med løpegraver og bunkerar med skyteskår og opne skyttegraver, på Ramsøy i Gudvangen, Neset i Flåm og på Hagaberg. Spesielt fokus på den immaterielle arven etter krigen.	X	X	Anlegget på Ramsøy er større enn det som er merka og gjort tilgjengeleg i dag. Tilleggsregistreringar trengst. Sjå handlingsdelen side...
Ungdomshus	I alle gredene er det ungdomshus. Ungdomshusa vaks fram rundt 1905 og hadde si største blomstringstid i 1920- og 30-åra. Dei er viktige grendehus som ein samlingsstad i bygdene			Når skulen vert vekke er ungdomshuset ein viktig samlingsplass, arrangement lokalt, viktig sosialt og kulturelt.



## 5 Mål for kulturarvsatsinga i Aurland

I kapittelet er det omtalt kva mål som er sett for kulturarven, det er strategiar og tiltak for å nå måla for kulturarvsatsinga i Aurland kommune.

Aurland kommune har ein rik kulturarv. Både innbyggjarar og besøkande skal ha moglegheit til å ta del i denne. Bruk, kunnskap og ivaretaking er viktige sider av kulturarven. For å ta vare på kulturarven må vi ha kunnskap om den. Denne kunnskapen vil samstundes gje grunnlag for ivaretaking. Å bruke kulturarven aktivt er ein føresetnad for å ta vare på den. Aktiv bruk vil igjen danne behov for kunnskap og ivaretaking. For å kunne bruke kulturarven fornuftig er me avhengig av kunnskap om den. Gjennom å ta vare på kulturarven vil me både skape eit spanande miljø å vere i for innbyggjarar og besøkjande. På denne måten vil kulturarven danne grunnlaget for ein viktig ressurs.



### Hovudmål:

Kulturarven i Aurland kommune skal vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet.

#### Delmål 1

- Aurland kommune skal legge til rette for at ulike aktørar skal kunne bruke kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.

#### Delmål 2

- Aurland kommune skal i samarbeid med andre aktørar bidra til å auke kunnskapen om den utvalde kulturarven vår.

#### Delmål 3

- Aurland kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurdert til å ha ein lokalt viktig verdi.



Mål	Strategi	Tiltak
<b>Delmål 1</b> <b>Aurland kommune skal legge til rette for at ulike aktørar skal kunne bruke kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.</b>	Gjere kulturarven tilgjengeleg gjennom informasjon og fysisk tilrettelegging.	<p>Støtte lokale initiativ som har som mål å informere om eksisterande kulturminne, kulturmiljø og landskap i kommunen</p> <p>Informere publikum om stadnamnregistreringane som ligg på fylkesarkivet sine side.</p> <p>Gjere kommunedelplan for kulturarv kjent.</p> <p>Følgje opp <i>Strategisk tiltaksplan for kulturarv i Aurlandsdalen</i>.</p>
	Sikre god oversikt over kulturarven i Aurland	<p>Registrere den utvalde kulturarven i Riksantikvaren si Askeladden-løysing slik at dei vert tilgjengelege gjennom digitale kart og kulturminnesøk.</p> <p>Ny registrering av kulturminne t.d., krigsminne, stølar, historiske ferdslevegar,</p>
	Sikre at nokon i kommunen har ansvaret for å følge opp kulturminnenefeltet, slik at kommunen har eit kontaktpunkt overfor aktuelle aktørar (grunneigarar, lag og organisasjonar, kulturminneforvaltninga på ulike nivå).	<p>Opprette eit kulturarvteam på tvers av einingane med kompetanse til å vurdere kulturminneverdiane og rådgje eigarar mfl.</p> <p>Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter riksantikvaren si handbok</p> <p>Gjennomføre tiltak i brannsmitteområde definert av RA</p> <p>Delta i samarbeid med fokus på kulturminna i verdsarvområdet</p>
	Dele relevant informasjon med lokale aktørar.	<p>Informere om korleis ein kan ta vare på kulturminna, via heimesida, Aurlendingen og facebooksida til kommunen.</p> <p>Dele informasjon om rettigheter, plikter og moglegheiter for den som eig kulturminne/ kulturmiljø.</p> <p>Informere eigarar av kulturminne om rettleiarene klima/ kulturminne</p>
	Gi positiv merksemelding til private initiativ knytt til kulturminnesatsingar lokalt.	Markering av kulturminnedagane
<b>Delmål 2</b> <b>Aurland kommune skal i samarbeid med andre aktørar bidra til å auke kunnskapen om den utvalde kulturarven vår.</b>	Samarbeid med lokale aktørar som: Nærøyfjorden verdsarvpark, skulane og andre lokale organisasjonar.	<p>Temautstillingar</p> <p>Årleg markering av kulturminnedagane.</p> <p>Kulturminnevandring i samarbeid med Sogelaget, Sogn jord- og hagebruksskule, tusenårsstaden, sentrum, etablering av kulturminneløype.</p> <p>«Rydd eit kulturminne»</p>
	Auke kunnskapen om kulturarven i kommunen, ikkje berre dei fysiske	Revisjon av del 2 av kulturminneplanen frå 1990 «Ikkje - materielle kulturminne»



Mål	Strategi	Tiltak
	kulturminna, men også kunnskapen om mat, musikk og kunst, td. ysting, lokale segner, foto, musikktradisjon	<p>Stølsprosjekt – kartlegging av stølar deltema - immaterielle kunnskap, ysting, mattradisjonar mm Samordne eksisterande materiale, samarbeid med sogelaget</p> <p>Utarbeide hefte med stølsminne, tradisjonar og bilete</p> <p>Årleg krigsminnemarkering i samarbeid med skulane – fokus immaterielle krigsminne</p> <p>Utarbeide hefte med immaterielle krigsminne</p> <p>Innhente meir kunnskap kring driftehandel, og formidling av dette</p> <p>Informere eigarar av kulturminne om rettleiaren klima/ kulturminne</p>
	Delta i kunnskapsutvikling	<p>Vidare deltaking i prosjektet Adapt Northern heritage (ADNH)</p> <p>Delta i nettverk med fokus på kulturarv og kulturminnevern</p>
	Auke kunnskapen om registrering av kulturminne/ auke engasjement	Registreringskurs, kulturminnesøk.
	Gjere utvalde kulturminne tilgjengeleg/ kjende	<p>Registrere den utvalde kulturarven i Riksantikvaren si Askeladden-løysing slik at dei vert tilgjengelege gjennom digitale kart og kulturminnesøk.</p> <p>Skjøtsel av utvalde kulturminne, skilting, i samarbeid med andre aktørar</p>
<b>Delmål 3</b> Aurland kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova ta vare på kulturminne som vert vurdert til å ha ein lokalt viktig verdi	Sikre godt grunnlag for vern og dermed kva bruk som kan vere aktuell.	<p>Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter riksantikvaren si handbok</p> <p>Etablere gode rutinar for sakshandsaming i verneområde og verdsarvområd</p> <p>Registrere den utvalde kulturarven i Riksantikvaren si Askeladden-løysing slik at dei vert tilgjengelege gjennom digitale kart og kulturminnesøk.</p>
	Lokalt vern av viktige kulturmiljø/ minne	<p>Utarbeide aktsemdkart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning.</p> <p>Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsoner ved behov.</p> <p>Sikre at utvalde kulturminne/ miljø som ikkje er verna bli vurderte, og få nödvendig vernestatus gjennom plan. (Vurdere vern på enkelte kulturmiljø i samband med arealdeledeelen til kommuneplan og reguleringsplanar)</p>



## 6 Handlingsdel 2020-2023

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgang på kapasitet og ressursar

I handlingsdelen er driftsoppgåver og lovpålagte oppgåver sett tidleg og over heile perioden. Medan prosjekt er sett opp utover i perioden. Tiltaka er plassert under følgjande kategoriar: tiltak 2020 - 2021, tiltak 2022-2023, tiltak etter 2023.

Tiltaka må sjåast i samanheng med mål og tiltak skildra i kapittel 5.

Handlingsdelen skal rullerast og handsamast politisk kvart år, og prioritering av tiltak vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar. Dette skal samordnast med den årlege revisjonen av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan og årsbudsjett.

Prioriteringane som er sett opp kan bli endra. Tiltak som ikkje er avhengige av direkte økonomiske ressursar gjennom økonomiplanen må prioriterast av administrasjonen gjennom planlegging av aktivitetar gjennom året.

Tiltak 2020- 2021	Tiltak 2022- 2023	Tiltak etter 2023	Kommentar	Ressursbehov
<b>Delmål 1. Aurland kommune skal legge til rette for at ulike aktørar skal kunne bruke kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.</b>				
Distribuere kommunedelplan for kulturarv.				I ordinær drift
Informere om kor det er tilgjengeleg informasjon om kulturarven i kommunen, t.d. stadnamn-registreringar, kulturminnesøk, prosjektet klima og kulturminne	Informere om kor det er tilgjengeleg informasjon om kulturarven i kommunen, t.d. stadnamn-registreringar, kulturminnesøk, prosjektet klima og kulturminne	Informere om kor det er tilgjengeleg informasjon om kulturarven i kommunen, t.d. stadnamn-registreringar, kulturminnesøk, prosjektet klima og kulturminne		I ordinær drift
Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminna, via heimesida og facebooksida.	Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminna, via heimesida og facebooksida.	Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminna, via heimesida og facebooksida.		I ordinær drift
Dele informasjon om rettigheter, plikter og moglegheter for den som eig kulturminne/ kulturmiljø. Tilskotsordningar, søknadsplikt mm, rettleiing ved Nærøyfjorden verdsarvpark, byggesak etc.	Dele informasjon om rettigheter, plikter og moglegheter for den som eig kulturminne/ kulturmiljø. Tilskotsordningar, søknadsplikt mm, rettleiing ved Nærøyfjorden verdsarvpark, byggesak etc.	Dele informasjon om rettigheter, plikter og moglegheter for den som eig kulturminne/ kulturmiljø. Tilskotsordningar, søknadsplikt mm, rettleiing ved Nærøyfjorden verdsarvpark, byggesak etc.	Samarb/byggesak.	I ordinær drift
Åleg markering av kulturminnedagane	Åleg markering av kulturminnedagane	Åleg markering av kulturminnedagane		I ordinær drift
Opprette kulturarvteam			Kultur, plan, teknisk, landbruk, diskutere saker på tvers, kunnskapsdeling og samhandling	I ordinær drift



Tiltak 2020- 2021	Tiltak 2022- 2023	Tiltak etter 2023	Kommentar	Ressursbehov
Etablere rutinar for verdivurdering av kulturminne			Oppgåve for kulturarvteam	I ordinær drift
Registrere den utvalde kulturarven i Askeladden		Nyregistrering av kulturarven		I ordinær drift
	Gjennomføre tiltak i brannsmitteområde		Kulturavd. koordinerer, teknisk ved brann utfører, tilskot frå RA	Søke tilskot
Samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvspark gjennom ulike prosjekt/ tema.				Søke tilskot
Internt samarbeid sti og løypeplan			Sørge for at kulturminne blir ein viktig del av sti- og løypeplan.	I ordinær drift
<b>Delmål 2 Aurland kommune skal i samarbeid med andre aktørar bidra til å auke kunnskapen om den utvalde kulturarven vår.</b>				
Følgje opp «Strategisk tiltaksplan for Aurlandsdalen»	Evaluere «Strategisk tiltaksplan for Aurlandsdalen?	Vurdere om strategisk tiltaksplan er eit relevant verktøy for andre delar av kommunen		prosjekt
Kulturminnevandring i samarbeid med Sogelaget, SJH-1000årsstaden - sentrum.			Samarbeid	I ordinær drift
Samarbeid med sogelaget om temautstillingar.				I ordinær drift
	Kartlegging av stølar	Utarbeide hefte med stølsminne, tradisjonar og bilete.		Søke tilskot
		Utarbeide hefte med immaterielle krigsminne		Søke tilskot
Krigsminnemarkering årleg i samarbeid med skulane	Krigsminnemarkering årleg i samarbeid med skulane	Krigsminnemarkering årleg i samarbeid med skulane	Etablere rutine saman med skulane.	I ordinær drift
Registreringskurs, kulturminnesøk			Samarbeid med lokale lag og organisasjonar	Søke tilskot
«Rydd eit kulturminne»			Norsk kulturarv sitt prosjekt samarbeid med skulane	Søke tilskot



Tiltak 2020- 2021	Tiltak 2022- 2023	Tiltak etter 2023	Kommentar	Ressursbehov
	Oppdatere kulturminneplanen frå 90-t. del 2.			Prosjekt
Temakart. Innspel frå fylket til planprogrammet.			Til bruk i arealdelen til kommuneplane	I ordinær drift
	Driftevegar, ferdslevegar			Prosjekt
Delta i prosjektet ADNH, ferdig 2020.				I ordinær drift
Arbeidsgruppe restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde sør Nærøyfjorden			Samarbeid med fylkeskommunen og kommunane i verdsarvområdet.	I ordinær drift
<b>Delmål 3</b> <b>Aurland kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurdert til å ha ein lokalt viktig verdi.</b>				
	Risiko- sårbarhetsanalyse (på allereie utvalde kulturminne)			Prosjekt
Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter riksantikvaren si handbok			Oppgåve for kulturarvteam	I ordinær drift
Etablere gode rutinar for sakshandsaming i verneområde og verdsarvområde			Oppgåve for kulturarvteam	I ordinær drift
Registrere den utvalde kulturarven i Askeladden				I ordinær drift
	Utarbeide aktsemdkart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning.			Prosjekt
Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsone ved behov.	Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsone ved behov.	Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynsone ved behov.	Del av planarbeid	I ordinær drift



Tiltak 2020- 2021	Tiltak 2022- 2023	Tiltak etter 2023	Kommentar	Ressursbehov
Sikre at utvalde kulturminne/ miljø som ikke er verna bli vurderte, og får nødvendig vernestatus gjennom plan. (Vurdere vern på enkelte kulturmiljø i samband med arealdeledelelten til kommuneplan og reguleringsplaner)	Sikre at utvalde kulturminne/ miljø som ikke er verna bli vurderte, og får nødvendig vernestatus gjennom plan. (Vurdere vern på enkelte kulturmiljø i samband med arealdeledelelten til kommuneplan og reguleringsplaner)	Sikre at utvalde kulturminne/ miljø som ikke er verna bli vurderte, og får nødvendig vernestatus gjennom plan. (Vurdere vern på enkelte kulturmiljø i samband med arealdeledelelten til kommuneplan og reguleringsplaner)	Viktig vurdering i samband med anna planarbeid	

